Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 16.12.2022
Vår ref: 2019/9879
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Veidekke industri AS asf. Førde
Postboks 643
6804 Førde

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Oppdatert løyve etter forureiningslova

Vi viser til varsel den 23.9.2020 om endring av løyve til drift av asfaltverk for Veidekke Industri AS asf. Førde (Førde asfaltverk). Asfaltverket har den 5.7.2022 søkt om mottak og behandling av returasfalt på verksemdområdet. Den 17.11.2022 har verket søkt om nokre endringar i innsendt søknad om returasfalt, og bedt om nokre endringar i vilkår i det opphavlege løyvet.

1 Vedtak

Statsforvaltaren endrar bedrifta sitt løyve til forureinande verksemd. Løyvet gitt i 1991 og endra den 29.3.2005 vert erstatta med ny løyvetekst. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Endringane i løyvet gjeld frå i dag. Endringane i løyvet er gjort med heimel i forureiningslova § 18, 3.ledd.

Veidekke Industri AS asf. Førde skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 35 000,- kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Innan 31.10.2023 skal bedrifta ha gjennomført ei luktundersøking og sendt resultat til Statsforvaltaren.

Sjå også det oppdaterte løyvet.

2 Kort om bakgrunnen for saka

Løyvet til Veidekke Industri AS asf. Førde (Førde asfaltverk) er meir enn 10 år og må oppdaterast til dagens lovverk og utforming av løyve. Utkast til ny tekst og oppdatering av enkelte vilkår for løyvet har vore sendt til uttale til bedrifta. Førde asfaltverk har i ettertid søkt om behandling og lagring av returasfalt, og kome med ny vurdering av behov for rammer for drifta den 17.11.2022.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningsliner i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Forureiningsforskrifta kapittel 36
EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstiller tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Løyvet til asfaltverket vart utforma tidleg på 1990-talet, mellom anna før bransjen generelt vart regulert av utsleppskrav i kapittel 24 i forureiningsforskrifta. Delar av krava er utdaterte og må endrast for å samsvare med dagens lovverk. Forskriftskrava omfattar ikkje all aktivitet ved verksemda. Vi har difor funne det nødvendig å vidareføre krav om at verksemda skal ha utsleppsløyve. Vilkåra i vedlagte løyve erstattar difor dei generelle krava som gjeld etter kap. 24 i forskrifta. I tillegg er det tillate mottak av og behandling av returasfalt på nærare vilkår. Returasfalt har mindre potensial for støvutslepp enn tilsvarande mengd jomfrueleg råstoff.

Endra aktivitet gjeld mottak og behandling av returasfalt. Aktiviteten vil redusere potensialet for støvutslepp og vil ikkje gje nemneverdig verknad på naturmiljøet kring avsett areal, jf. §§ 7 og 8 i naturmangfaldlova. Vi har difor funne det ikkje relevant å vurdere nærare dei miljørettslege prinsippa i §§ 9 – 12.

Vi vurderer at krava til utslepp til vatn i løyvet er tilstrekkeleg til at utslepp frå anlegget ikkje vil føre til nemneverdige ulemper for vassmiljøet, og at aktivitetane ikkje er til hinder for å nå måla i vassforskrifta.

Konklusjon
Statsforvaltaren har konkludert med at forureininga frå verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningsliner i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved verksemda samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gjev vi løyve til Veidekke industri AS asf. Førde på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

3.2.1 Rammer (punkt 1 i løyvet og vedlegg 2)

Det er sett grenser for samla, årleg mengd returasfalt som kan takast imot på anlegget. Ramma for produksjonskapasitet er endra i samsvar med generelle rammer i forskrifta som trådte i kraft etter førre endring av løyvet (i 2005). Endring av ramme er ei teknisk endring som ikkje medfører endring i produksjonsmengd.

3.2.2 Utslepp til luft (punkt 4 i løyvet)

Støvhaldig avgass frå prosessanlegget
Tidlegare krav er vidareført. Kravet gjeld for resultat frå uavhengig, årleg måling under normal drift. Dersom bedrifta meiner kravet ikkje er teknisk mogleg å halde, må dei dokumentere behovet og søkje særskilt om endring.

Diffuse støvutslepp
I samsvar med praksis for tilsvarande anlegg har vi ikkje sett spesifikke krav til maksimalt tillate utslepp av støv. Krava i løyvet vil vere tilstrekkeleg til å hindre nemneverdig støvflukt til omgjevnadene.

Lukt
Tidlegare løyve til bedrifta omtalar ikkje spesielle tiltak mot lukt. Krava i kap. 24 i forureiningsforskrifta om verksemder som produserer asfalt, omtalar heller ikkje spesifikke grenser til lukt. Lukt frå asfaltproduksjon kan oppfattast som ei ulempe nokre gonger og luktoppfattinga er variabel og subjektiv. Det er – så langt vi har oversikt, ikkje noko som tyder på overhyppigheit av sjukdom på grunn av asfaltdamp. Unødvendige utslepp av lukt er likevel ikkje tillate etter forureiningslova.

Bedrifta må etter dei nye krava til luktstyring, måle og rekne ut verksemda sin luktutslepp så langt det let seg gjere etter gjeldande standardar.

3.2.3 Støy (punkt 7 i løyvet)

Tidlegare utsleppsløyve var ofte utforma med krav til driftstid. Denne verksemda har hatt hovudkrav til driftstid, men med ein rad unntak på grunn av forsvarleg trafikkavvikling. Regulering med driftstid er no vurdert som lite tenleg. Vi har vidareført krav til ulike støygrenser for ulike tider på døgnet. Det vil framleis medføre at hovuddriftstid vil måtte vere på dagtid. Vi har vidareført unntak for produksjon anna tid på døgnet/veka av omsyn til forsvarleg trafikkavvikling og viktig infrastruktur. Unntaka er avgrensa til eit nødvendig tal episodar i ei avgrensa tid på året. Unntaka er balansert mellom samfunnet sitt behov for asfaltering og nabolaget sine behov for ro og føreseieleg drift. Når det er nødvendig med drift natt eller helg må episodane varslast direkte til næraste (private) naboar og på anna tenleg måte til anna nabolag (annonsering i media, eigen nettside, direkte SMS- eller e-post- varsel eller tilsvarande).

Verksemda må dokumentere at utslepp av støy under normal produksjon held seg under fastsette grenseverdiar. Målingane må gjentakast etter eit intervall, men det er ikkje sett krav til årleg måling dersom førre måling (av uavhengig støyfirma) har dokumentert at støygrensene vert stetta. Dersom målingar over tid (meir enn 2 – 3 år) er stabile, kan neste støymåling utsetjast så lenge produksjonsforholda ikkje endrar seg nemneverdig.

3.2.4 Energi (punkt 8 i løyvet)

Bedrifta har fått krav om å etablere eit dokumentert system for energileiing. Måler er å drifte mest mogleg energieffektivt, og vil kunne verte lønsamt for bedrifta.

3.2.5 Avfall (punkt 9 i løyvet)

Bedrifta vil ta imot og behandle brukt asfalt for å kunne nytte i ny produksjon. Brukt asfalt gjennomgår gjenvinning på anlegget og vil då opphøyre å vere avfall. Avfallet (brukt asfalt) vil då erstatte tilsvarande mengd jomfrueleg råstoff (knust stein og bindemiddel). Maksimal samtidig lagringsmengd gjeld både asfaltavfall (ikkje-behandla returasfalt) og asfalt som har gjennomgått gjenvinning (nytt råstoff som har opphøyrd å vere avfall). Vi har avgrensa lagringstida for asfalt (som avfall) til maksimalt 24 månader. Verksemda må etablere eit system som sikrar at den eldste motteke asfalten vert behandla før nytt mottak av asfaltavfall. Lagringstid for gjenvunne asfaltmasse (behandla returasfalt) er ikkje tidsavgrensa i dette løyvet. Dersom slik masse kan verke skjemmande eller på annan måte kunne utgjere ein miljøfare eller -risiko for omgjevnadene vil vi kunne setje nærare krav til massen.

4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven.*

4.1 Førehandsvarsel

Verksemda har fått varsel om at Statsforvaltaren vil endre løyvet. Endringane omfattar oppdatering av utforminga av løyvetekst, omtale av gjeldande regelverk, nye nemningar om støy og erstatning av noko jomfrueleg råstoff med gjenvunne asfaltmasse. For fleire forhold vil oppfølging av det nye løyvet medføre betre miljøforhold og redusert fare for uakseptable utslepp. Endringa er difor ikkje førehandsvarsla til andre enn parten med heimel i § 36-9, 2.ledd bokstav b.

5 Klagerett

Vedtaket vil verte sendt til nære naboar og kunngjort i media for verksemda si rekning. Bedrifta og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Klageretten gjeld berre for eventuelle nye vilkår i vedlagte løyve. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg
Endra og oppdatert utsleppsløyve

Kopi til:
Sunnfjord kommune
Førde båtklubb (post@fordebatklubb.no)
Kletten grendalag (gunvorbjordal@hotmail.com)
Opseth eigedom AS (pb 230 6801 Førde)
AK Stang eiendom AS (kristinelundveien 8, 0268 Oslo)
Byggteam AS (Fjærevegen 13, 6800 Førde)
Retura Vest

Statsforvalteren i Vestland

Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og endra med heimel i § 18, 3. ledd i denne lova. Løyvet er gitt etter varsel om endring sendt til verksemda 23.9.2020, søknad datert 5.7.2022 og opplysningar som kom fram under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 13. Tidlegare utsleppsløyve til bedrifta vert med dette oppheva og erstatta med dette løyvet. Forskriftskrav etter kap. 24 i forureiningslova gjeld berre så langt det ikkje er vedteke anna i dette løyvet.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring[1].

Data om verksemda

Verksemd	Veidekke Industri AS, asfaltverk i Førde
Stad/gateadresse	Fjærevegen 1
Postadresse	p.b. 643, 6804 Førde
Kommune og fylke	Sunnfjord i Vestland
Org. nummer (verksemd)	872 220 402 (tilhøyrer 913 536 770)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32N, aust: 331560, nord: 6818145
Gards- og bruksnummer	21/569
NACE-kode og bransje	23.990 Produksjon av ikkje-metallhaldige mineralprodukt

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2022.0968.T	4647.0006.01	19/9879

Løyve gitt første gong: 30.12.1991	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd: 16.12.2022	Løyve sist endra: -

[1] I dette dokumentet blir ordet "verksemd" brukt om den produksjon eller aktivitet som blir drive og som løyvet gjeld. Ordet "bedrift" blir brukt om den juridiske eininga som er ansvarleg for å halde plikter og avgrensingar (vilkår) i løyvet til verksemda, den som må søke om eventuelle endringar, som leverer avfall osv. Ordbruken er søkt gjennomført så konsekvent som mogleg i dokumentet.

Åsmund Skancke Karlsnes overingeniør	Gøsta Hagenlund sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 4
2 Generelle vilkår 4
2.1 Utsleppsavgrensningar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 4
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 4
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 5
2.7 Internkontroll 5
3 Utslepp til vatn 5
3.1 Utsleppsavgrensningar 5
3.1.1 Utslepp frå punktkjelder 5
3.1.2 Diffuse utslepp 5
3.2 Sanitæravløpsvatn 6
3.3 Mudring 6
4 Utslepp til luft 6
4.1 Utslepp av steinstøv 6
4.1.1 Støvhaldig avgass frå prosessanlegget 6
4.1.2 Utsleppsreduserande tiltak mot støvflukt 6
4.2 Lukt 6
4.2.1 Luktavgrensing 6
4.2.2 Luktrisikovurdering 7
4.2.3 Forebyggende tiltak og driftsplan 7
4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering 7
5 Grunnforureining og forureina sediment 7
6 Kjemikal 8
7 Støy 8
7.1 Hovudkrav støy 8
7.2 Unntak frå hovudkrav om støy 9
8 Energi 9

8.1 Energileiing 9
8.2 Utnytting av overskotsenergi 9
9 Avfall 9
9.1 Generelle krav 9
9.1.1 Mottak av avfall 10
9.1.2 Generelle krav til handtering 10
9.1.3 Kompetanse 11
9.1.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall 11
10 Deponi for eige avfall 11
11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 11
11.1 Kartlegging av utslepp 11
11.2 Utsleppskontroll 11
11.3 Journalføring 12
11.4 Rapportering til Statsforvaltaren 12
12 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 12
12.1 Miljørisikoanalyse 12
12.2 Førebyggjande tiltak 13
12.3 Beredskapsanalyse 13
12.4 Beredskapsplan 13
12.5 Beredskapsetablering 13
12.6 Øving av beredskap 13
12.7 Varsling av akutt forureining 13
13 Undersøkingar og utgreiingar 14
13.1 Utgreiing av utslepp av lukt 14
14 Eigarskifte, omdanning mv. 14
15 Nedlegging 14
16 Tilsyn 15
Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter 16

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå

1. produksjon av asfalt. Løyvet gjeld for produksjon i asfaltanlegg med kapasitet inntil 200 t/time,
2. mottak og lagring av tilsatsmateral (stein) i mengd som vert nytta innan eitt år etter mottak,
3. mottak, lagring og behandling av avfallstype "asfalt" (avfallsstoffnummer 1619). Løyvet gjeld for årleg mottak av inntil 30 000 tonn. Mengd motteke asfalt på området til verksemda skal ikkje på nokon tid overstige 8 000 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra før behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall.

Asfalt som kan vere forureina med tjærestoff (gjeld vesentleg asfalt som har vore produsert før 1970) kan ikkje takast imot og gjenvinnast. Slik asfalt skal så snart som råd leverast vidare til godkjent avfallsmottak. Statsforvaltaren skal ha særskild melding ved forsøk på slik levering.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensningar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er venta å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 12. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 13.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet, jf. punkt 2.3 og forureiningslova § 2, pkt. 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.7.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 12.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensningar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Verksemda skal ikkje ha utslepp av prosessavløpsvatn til sjøen.

3.1.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp (overflatevatn) frå uteareal, til dømes avrenning frå lageromåder og område for lossing/lasting skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

3.2 Sanitæravløpsvatn

Statsforvaltaren er styresmakt for sanitæravløpsvatn i området, men kommunen kan regulere utslepp til avløpsnett med ein påsleppsavtale.

3.3 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedrifta innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

4 Utslepp til luft

4.1 Utslepp av steinstøv

4.1.1 Støvhaldig avgass frå prosessanlegget

Støvhaldig avgass frå prosessanlegget skal førast gjennom reinseanlegg. Reinseanlegget kan bestå av eit tilstrekkeleg tal tekstilfilter. Reinsa avgass skal førast ut gjennom skorstein. Minste pipehøgd er 15 meter over bakkenivå.

Støvkonsentrasjon i skorstein skal ikkje overstige 25 mg/Nm^3 tørr gass.

4.1.2 Utsleppsreduserande tiltak mot støvflukt

Bedrifta skal til ei kvar tid gjere dei tiltaka som er nødvendig for å hindre spreiing av diffust støv. Trafikkareal, transportband m.m. skal fuktast med vatn etter behov. Tilslagsmaterial skal lagrast under tak eller fuktast med vatn etter behov for å hindre støvflukt.

Sikteanlegg og andre anleggsdelar som avgir støv skal vere innebygt. Avsug frå desse skal vere tilkobla filter. Reinseeffekten skal vere slik at støvutsleppet ikkje er synleg.

Bedrifta skal vurdere tiltak mot forureining frå lagring i samsvar med tilrådingane i BAT-referanse dokumentet EFS (Emissions from Storage).

4.2 Lukt

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene vert avgrensa mest mogleg.

4.2.1 Luktavgrensing

Luktimmisjon ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 2 ou_E/m^3, oppgitt som maksimal månedlig 99 prosent timefraktil.

Luktemisjon i den tida det takast imot bitumen skal ikkje inngå i utrekning av luktimmisjon.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Bedrifta skal gjennomføre ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.* Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.2.3 Forebyggende tiltak og driftsplan

På bakgrunn av luktrisikovurderinga skal verksemda setje i verk luktrisikoreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ein driftsplan som sikrar at luktulemper frå verksemda sine aktivitetar vert lågast mogleg. Planen skal vere i samsvar med tilrådingane gitt i vedlegg 4 i *Miljødirektoratet veileder TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal driftsplanen oppdaterast.

Bedrifta skal dagleg føre ein driftslogg, slik at det kan dokumenterast at driftsplanen er følgd.

4.2.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og klageregistrering

Bedrifta skal ha ein lukthandteringsplan og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med tilrådingane gitt i *Miljødirektoratet veileder TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.*

Bedrifta skal informere Statsforvaltaren og naboar når det vert planlagt aktivitet som mellombels kan føre til auka lukt. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka lukt.

Bedrifta skal ha eit system for registrering av luktklagar som skal knytast til stad og tid. Det skal gjerast ei vurdering av klagen opp mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar og rapporterast etter behov til Statsforvaltaren.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde kontinuerleg oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep i forureina grunn må avklarast med Statsforvaltaren og anten ha godkjend tiltaksplan frå kommunen etter forureiningsforskrifta kapittel 2, eller ha løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 22.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.[3]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, seljast eller brukast utan at dei følgjer krava i REACH-regelverket[4] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

7.1 Hovudkrav støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå[5] ved mest støyutsette fasade:

Dag (0630 – 1900)	**Kveld (1900 – 2300) Laurdag**	**Natt * (2300 – 0630)**	**Sun- og heilagdag (0700 – 2300)**	**Natt (2300 – 0630)**
50 dB (A) $L_{pAekv12h}$	45 dB (A) $L_{pAekv4h}$	40 dB (A) $L_{pAekv8h}$	45 dB (A) $L_{pAekv16h}$	60 dB (A) L_{AFmax}

* For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

[3] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloval) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

[4] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

[5] Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "pAekv<timetal>h og "AFmax". Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

Dersom reintonelyd eller impulslyd[6] opptrer med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time, skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB, i høve til verdiane gitt i støykrava over.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta, inkludert intern transport på verksemdområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor som vart etablert etter 1.1.2010.

7.2 Unntak frå hovudkrav om støy

Støykrava for natt kan vikast frå i inntil 50 dagar per år, men maksimalt 5 dagar i ein 7 dagar periode. Maksimum 40 dagar kan takast i perioden 1.mai – 30.september. Støy frå produksjon skal likevel ikkje overstige grenseverdiane for dagtid.

Naboar og andre som kan verte utsett for støy over grenseverdiar natt skal varslast på førehand.

8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift i anlegget. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av eigne aktivitetar. Bedrifta pliktar å sørgje for at all handtering av

[6] Med impulslyd meinest her kortvarige, støtvise lydtrykk med varigheit på under 1 sekund og der impulslyden er av typen «highly impulsive sound» som definert i T-1442 kapittel 6. Dersom impulslyd førekjem meir enn 10 hendingar per time er grenseverdien 5 dBA lågare enn dei grenseverdiane som er nemnd i tabellen.

avfall, inkludert farleg avfall, vert utført i samsvar med gjeldande reglar som er fastsett i eller med heimel i forureiningsregelverket[7].

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda, skal primært brukast om att i eiga eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnader, skal avfallet først og fremst materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er råd gjenvinnast på annan måte.

Farleg avfall kan ikkje tynnast ut på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.1.1 Mottak av avfall

Mottak av avfall skal vere tilfredsstillande dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Ved mottak av avfall med usikkert/uavklart innhald skal det gjennomførast prøvetaking og analyse for å klarlegge samansetjinga av avfallet. Avfall som ikkje kan behandlast miljømessig tilfredsstillande ved anlegget til verksemda , skal leverast til mottaksanlegg med nødvendig løyve.

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

9.1.2 Generelle krav til handtering

All handtering[8] av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje fører til fare for nemneverdige skadar eller ulemper for miljøet. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgjande:

a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Beredskap.
b. Verksemda skal ha kart/skisse der det går fram kor motteke asfalt er handtert og lagra.
c. Lager for motteke og eige avfall skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang.
d. Eige farleg avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danne farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
e. Eige farleg avfall lagrast inne og på tett dekke[9] med oppsamling av eventuell avrenning.

[7] Sjå mellom anna avfallsforskifta og kapitel 18 i forureiningsforskrifta
[8] Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling. Omgrepet omfattar likevel ikkje lagring i påvente av levering hos verksemda som sjølv har generert avfallet.
[9] "Tett dekke" skal vere fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar.

f. All lagring av flytande farleg avfall skal ha eit system som er eigna til å hindre overfylling.
g. Motteke asfalt skal så langt råd nyttast så snart som råd i eigen produksjon. Asfalt (som avfall) kan ikkje lagrast ved anlegget i meir enn 24 månader.

I tillegg gjeld krava i følgjande forskrift:

- Forureiningsforskrifta § 18 om tanklagring

Avfall frå verksemda skal berre handterast vidare av aktør med løyve frå eller særskild aksept frå forureiningsstyresmakt.

9.1.3 Kompetanse

Bedrifta skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere miljørisiko ved verksemda og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk.

9.1.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Bedrifta skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av asfaltavfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengd avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha eige deponi for avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta skal ha oversikt over utslepp av vatn, støy, støv og lukt. Dette gjeld både for punktutslepp (frå skorstein for røykgassar frå tørketrommel) og diffuse utslepp. Verksemda sine utslepp til til luft og vatn skal kartleggjast på ein systematisk måte. Kartleggjinga skal leggast til grunn for utarbeiding av program for utsleppskontroll, jf. punkt 11.2.

11.2 Utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit måleprogram for kontroll av utslepp til luft og vatn, som skal inngå i den dokumenterte internkontrollen. Føremålet med målingane er å dokumentere at gitte krav vert stetta.

Målingar av støv frå skorstein skal gjennomførast kvart år. Målingane skal om nødvendig gjentakasat inntil det vert dokumentert at krava i punkt 4.1.1 vert stetta.

Målingar av luktspreiing må gjennomførast jamleg etter ei risikovurdering, eller etter episodar med særleg merksemd om lukt.

Måling av støy må gjentakast til ein har tilstrekkeleg oversikt over eigne støyutslepp. Støy må målast/utreknast for alle tider på døgnet det er normal drift. Dersom støyutslepp held seg under støygrensene i punkt 7.1 over tid, kan nye støymålingar utsetjast så lenge produksjonsforhold ikkje endrar seg nemneverdig.

Målingane skal vere representative for normal drift. Prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS) der slik standard finst. Annan metode kan nyttast dersom det kan dokumenterast at metoden gir minst same nøyaktigheit som NS. Prøvetaking og måling skal vere kvalitetssikra.

11.3 Journalføring

Bedrifta skal journalføre

- tidsrom og omfang av målingar av utslepp til miljøet
- tid og omfang av produksjon etter unntaka i punkt 7.2
- tid og omfang av varsling etter punkt 7.2
- spørsmål eller klagar på drift/utslepp, og korleis bedrifta har følgd opp klage.

Opplysningane skal takast vare på i minst 5 år og vere tilgjengelege ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsstyresmakta.

11.4 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1.mars kvart år skal bedrifta rapportere mottak, handtering, lagring og vidare bruk av asfaltavfall.

Til rapporten skal bedrifta leggje ved kopi av resultat og vurdering av målingar av utslepp for siste år.

12 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Resultata skal vurderast med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom m.v. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan verte råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

12.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

12.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide og grunngi

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forurensning.

12.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av bedrifta sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

12.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

12.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

12.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift[10]. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

[10] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

13 Undersøkingar og utgreiingar

13.1 Utgreiing av utslepp av lukt

Bedrifta skal gjennomføre ei luktundersøking, jf. pkt. 4.2.2.

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 31.10.2023.

14 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom bedrifta vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdrege, fisjonerer/fusjonerer, får nye eigarar med avgjerande innverknad, eller på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren.

15 Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet gjeld vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift[11]. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

[11] Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

16 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

Vedlegg 1 - Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (difenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP

4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. saltar av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjedea perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	**PAH**

Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	**BPA**

Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC